

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Detaljreguleringsplan for Givra - del 3 - 1. gongsbehandling

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for miljø, landbruk og areal	054/20	23.04.2020

Saksbehandlar	Journalpost
Hanne-Kristine Risdal	20/7390

Vedlegg:

Plankart
Plankart utan omsynssoner
Planførersegner
Planforklaring
Samandrag og vurdering av innspel ved planstart
ROS-analyse
Notat - Flomsikring av Givra - del 3, Norconsult

Kommunedirektøren legger saka fram for utval for miljø, landbruk og areal med slik:

Innstilling:

I medhald av plan og bygningslova §12-10, vedtek utval for miljø, landbruk og areal å leggje detaljreguleringsplan for Givra del 3 ut til offentleg ettersyn, slik det går fram av plankart, føresegner og planforklaring med vedlegg.

Delar av dei områda som er omfatta av planforslaget i følgjande reguleringsplanar, vil bli oppheva når den nye planen blir endeleg vedteke:

- reguléringsplan for Vinstra vest - endring og omlegging Rv. 255 av 21.10.1974,
- reguléringsplan for Lomoen Næringsområde, 24.6.2014,
- detaljreguleringsplan for ny tilkomst til Sundheim, 20.6.2017.

Utval for miljø, landbruk og areal 23.04.2020:

Behandling i møte:

Planleggjar Hanne Kristine Risdal viste kart og ga ei orientering om saka, som er avgrensa til del 3 i prosjektet. Norconsult har gjort berekningar og kome med forslag på tiltak. Tjenesteleiar Teknisk Bjørn Bjørke ga ein statusrapport for arbeidet.

Innstillinga vart samråystes vedtatt.

MLA- 054/20 Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova §12-10, vedtek utval for miljø, landbruk og areal å leggje detaljreguleringsplan for Givra del 3 ut til offentleg ettersyn, slik det går fram av plankart, føresegner og planforklaring med vedlegg.

Delar av dei områda som er omfatta av planforslaget i følgjande reguleringsplanar, vil bli oppheva når den nye planen blir endeleg vedteke:

- reguleringsplan for Vinstra vest - endring og omlegging Rv. 255 av 21.10.1974,
- reguleringsplan for Lomoen Næringsområde, 24.6.2014,
- detaljreguleringsplan for ny tilkomst til Sundheim, 20.6.2017.

Bakgrunn for saka:


Det vart varsle oppstart av detaljreguleringsplan for Givra del 1 og 3 den 9.4.2019 som ein felles reguleringsplan. Seinare har kommunen valgt å behandle dei 2 delområda i 2 adskilte planprosessar. Del 1 vart vedteke i kommunestyret 18.2.2020, sak 3/20.

Denne saka gjeld 1. gongsbehandling av Givra - del 3. Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for flaumsikringstiltak i den *nederste delen av Givra*. Planforslaget omhandlar delstrekningen frå oppstrøms Sundheimsvegen og ned mot Lågen. Planforslaget går fram av kart og føresegner med vedlegg (planforklaring, ROS-analyse, notatet flomsikring av Givra del 3, Norconsult AS og samandrag og vurdering av merknader ved planstart). Detaljert skildring av flaumsikringstiltaka går fram av vedlagte notat utarbeida av Norconsult.

Ved varsel om *planstart* kom det totalt sju merknader som er relevant for Givra del 3.

Merknadene er oppsummert og kommentert i vedlegget *samandrag og vurdering av merknader ved planstart*.

Planen er avgrensa av rundkjøringa ved Dokken Bil og følgjer Vinstragata austover mot Lågen. I nord grenser planområdet til krysset mellom Sundheimsvegen, Kyrkjevegen og Gamle Skåbuvegen. Mot vest er plangrensa felles med detaljreguleringsplan for Vinstra park, som også er under arbeid.



Figur 1: Planavgrensing.

Barnetalspersonen si vurdering:

Barnetalspersonen har hatt planforslaget til uttale og har følgjande uttale:

«Barnetalspersonen har spesielt merket seg

8.4. ETABLERING AV FORTAU

Fortau langs Sundheimsvegen skal gjennomføres som en del av flomsikringsprosjektet. Fortau skal være på plass og være ferdig opparbeidet før ferdigstillelse av flomsikringsprosjektet.

Dette er etter min mening et godt og nødvendig tiltak – som tar hensyn til barn og andre myke trafikanter som ferdes i omhandlende område.

Barnetalspersonen har ingen kommentarer eller merknader for øvrig til foreliggende plan, da jeg ikke kan se at det er andre tiltak i planen som berører barn.»

Miljøfagleg vurdering:

Ein kjem fram til at vurderinga av natur og miljø, samt vurdering etter naturmangfaldlova som går fram av planforklaringa er tilstrekkeleg ivaretake. Ein har ikkje kommentarar utover dette.

Planfagleg vurdering:

Planområdet:

Området som varsla oppstart av var noko mindre enn planforslaget som nå ligg føre. Årsaken til utvidinga er behov for å få til ein god overgang mellom eksisterande og ny vegtrasé for Sundheimsvegen. I all hovudsak omfattar utvidinga eksisterande vegareal, og ingen nye eigedomar.

Hovudgrepa i planforslaget:

I planarbeidet har det vore vurdert ope eller lukka løysing frå Sundheimsvegen ned til Lågen. Etter ei heilskapleg vurdering og med godkjenning frå NVE, er lukka løysing vald. Planforslaget viser at elveløpet i all hovudsak vil følgje dagens trase, men det blir lagt til rette for at det kan etablerast ein

kulvert frå Sundheimsvegen og ned til Lågen med *større tverrsnitt* enn i dag. I plankartet er det vist ei sikringssone som ivaretak kulverten og tilstrekkeleg sideareal ved evt. behov for framtidig utbetring og vedlikehald.

Vidare blir det lagt opp til mindre justeringar av Sundheimsvegen, for å få betre plass til fortau vest for vegen.

Plankartet viser elles faresoner for flom for dagens situasjon (usikra) og situasjon etter sikring. Det er også vist faresone for erosjon mot Lågen, samt støysoner.

Ved endeleg vedtak vil den nye planen erstatte delar av følgjande reguleringsplanar:

- reguleringsplan for Vinstra vest - endring Omlegging Rv. 255 av 21.10.1974,
- reguleringsplan for Lomoen Næringsområde, 24.6.2014,
- detaljreguleringsplan for ny tilkomst til Sundheim, 20.6.2017.

Jf. planforklaringa er det vurdert til at det ikkje er behov for eiga konsekvensutgreiing av planforslagt. Tema flaumsikring er utgreidd i forprosjekt og notat om flomsikring av Givra del 3, både utarbeida av Norconsult AS.

Kommunedirektøren sin vurdering:

Det har over fleire år nå vore jobba med flaumsikring av Givra. Reguleringsplan er ein del av dette arbeidet, og det er bra at vi nå kan kome eit steg nærmare igangsetting, også for denne delstrekningen. Det blir vist til tidlegare godkjenning av av del 1 og arbeidet med regulerering av Vinstra Park området. Når vi får alle reguleringsplanane på plass vil det gje grunnlag for utvikling av området, jf. kommunestyret sitt vedtak om utvikling av området.

Kommunedirektøren i Nord-Fron

Arne Sandbu